



Generell del

Samarbeidsutvalet for Gjerdane barnehage

Dato: 16.11.2017

Versjon: 1

Gjerdane barnehage sin årsplan har to delar:

- **Generell del (som gjeld 2017-2020)**
- **Spesiell del (ny plan for kvart barnehageår)**

Kontaktinfo:

Gjerdane barnehage

Fossevegen 2

6770 Nordfjordeid

Tlf 95864013

gb@eid.kommune.no

www.gjerdane.barnehageside.no

Gullfisken 97128473

Sommarfuglen 97077313

Mariehøna 97116735

VELKOMEN TIL GJERDANE BARNEHAGE!

Gjerdane barnehage er ein kommunal barnehage som ligg nært Nordfjordeid sentrum. Vi har 3 avdelingar; Gullfisken (0-3 år), Marihøna (3-6 år) og Sommarfuglen (2-6 år). Tilsaman har barnehagen 37 heile plassar for barn over 3 år, og 9 heile plassar for barn under 3 år.

Samansetjinga av gruppa vert i hovudsak gjort om våren ved opptak til nytt barnehageår, men det blir og gjort fortløpande opptak gjennom året, utifrå kapasitet.

Vedtektene for opptak finn du i vedtektene for barnehagane i Eid.

Kva vil vi i Gjerdane barnehage?

- Vi vil at alle barn skal bli sett og høyrte.
- Vi vil jobbe for å gje trygghet, omsorg og mest mogleg tid til kvart enkelt barn.
- Vi vil behandle barna rettferdig, og behandle kvar enkelt som det unike barnet det er.
- Vi vil vise barna tillit og respekt.
- Vi vil vere tydelege vaksne og gode rollemodellar.
- Vi vil gje rom for undring, utforsking og nysgjerrighet.
- Vi vil legge vekt på tidleg språkstimulering.
- Vi vil gje barna ein «ryggsekk» av kunnskap, eigenskapar og opplevingar som det kan ta med seg vidare i samfunnet.

Eit av hovudmåla i Eid kommune er at barn og unge skal få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle (Kommunedelplan for oppvekst 0-18 år).

Opningstid

Alle dei kommunale barnehagane i Eid har same opningstid; kl. 6.45-17.00. Barnehagen har 5 planleggingsdagar i løpet av eit år, og barnehagen er feriestengd i romjula og påskeveka. Dette er fastsett etter politisk vedtak.

Personalet

| | |
|--|-----------------------------|
| Tove H. Starheimsvik | Styrar |
| Laila Dahlgren | Pedagogisk leiar |
| Marte Starheimsæter | Pedagogisk leiar |
| Sissel Høynes | Pedagogisk leiar |
| Torill Espelund | Pedagogisk leiar |
| Mette Navelsaker Hjelle | Fagarbeidar |
| Elna Aaning Olsen | Fagarbeidar |
| Haldis Lindset Nesbakk | Fagarbeidar |
| Doris Stave Kolseth | Fagarbeidar |
| Brit Moheim | Støtteassistent |
| Marry-Ann Vambeseth | Assistent |
| Roger Nygård | Assistent |
| Bodil Nygård | Assistent |
| Sandra Åland Ulleland barnehagelærer utdanning) | Student (Arbeidsplassbasert |

I tillegg har vi to faste stillingar knytte til spesialpedagogikk i Eid kommune.

Samarbeid med andre instansar

For å gje barna eit best mogleg tilbod, er vi avhengige av godt samarbeid med andre instansar. Dette kan m.a. vere helsestasjon, barnevern, BUP, familiekontoret og PP-tenesta. Desse kan vere inne i barnehagen og observere barn eller personale, eller jobbe med enkeltbarn eller grupper. Foreldre til barn som er tilknytte desse tenestene, har gitt samtykke til dette.

Barnehagen kan kome til å ta i mot studentar, skuleelevar og praksisplassar. Vi har fast samarbeid med Eid ungdomsskule og Høgskulen i Volda.

Alle som jobbar i barnehagen, eller er innom for tiltak, har teieplikt.

Samarbeid heim-barnehage

Vi ønsker at barna skal trivast og utviklast i barnehagen. For å få til dette er vi avhengige av god kommunikasjon mellom heimen og barnehagen. Vi ønsker at samarbeidet skal vere prega av tryggleik, tillit og respekt.

Eit av hjelpemidla vi brukar i dette arbeidet er Sjumilssteget. Dette er ei nasjonal satsing som skal ivareta barns rettar etter Barnekonvensjonen. Selje, Vågsøy og Eid har her hatt eit samarbeid, og utarbeidd eit foreldrerettleiingsprogram med fokus på dialog og fellesskap. Dette opplegget vil de møte gjennom heile oppveksten til barnet, - frå helsestasjon, barnehage og gjennom heile skuletida, med ulike tema for kvart årstrinn. I barnehagen vil de møte desse tema;

- 1 år - Tilvenning i barnehagen
- 2 år - Språkstimulering
- 3 år - Trygge vaksne - trygge barn
- 4 år - Vennskap
- 5 år - Skuleførebuing



Meir info om Sjumilssteget kan de finne på Eid kommune si heimeside.

<https://eid.kommune.no/sjumilssteget-i-eid-kommune.21752.aspx>

Vi har eit foreldremøte og 1-2 foreldresamtaler pr år. Ønsker de samtaler utanom dei oppsette tidene, ta kontakt med pedagogisk leiar på avdelinga. Den daglege kontakten mellom heim-barnehage er den kontakten som er viktigast i forhold til barnet sin kvardag. Her kan ein utveksle aktuelle ting som gjeld kvart barn til ei kvar tid, både i barnehagen og heime, og ein kan utifrå det gjere barnehagedagen best mogleg for barnet.

Informasjon til foreldra blir formidla ut frå avdelingane i form av månadsplanar og infoskriv. Desse blir i hovudsak sendt ut på epost, men dei som ønsker det kan framleis få info i papirform. I tillegg vert det hengt opp oppslag på avdelingane.

Samarbeidutvalet er ei anna form for samarbeid mellom heim-barnehage.

Foreldreråd og Samarbeidsutval

For å sikre samarbeidet med heimane, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet består av foreldra/dei føresette til alle barna i barnehagen.

Samarbeidsutvalet består av 2 representantar frå foreldrerådet, 2 tilsette og eigar av barnehagen. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet, og fungerer også som sekretær.

Samarbeidsutvalet sine oppgåver



- Rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- Arbeide for eit godt barnehagemiljø for barn, foreldre og personale.
- Arbeide for å fremje kontakt mellom barnehage og lokalsamfunn.
- Fastsetje årsplanen for barnehagen.
- Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Kven som sit i dei ulike utvala, kan de sjå i *Årsplan for Gjerdane barnehage - spesiell del*.

Tilvenning i barnehagen

Om barnet startar i barnehagen ved 1 års alder, eller seinare, er det ein overgang for barnet, men også for foreldra. Det finns ingen fasit på korleis tilvenningsperioden skal foregå, då dette varierer frå barn til barn. Vi har likevel nokre tips som vi har sett er viktige for ein god start i barnehagen;

- Set av god tid. Besøk barnehagen før barnehagestart. Ved barnehagestart anbefalar vi å vere saman med barnet i starten, for så å gradvis venne barnet til å vere i barnehagen utan foreldre.
- Tydeleg avskjed. Det er viktig for barnet sin trygghet at foreldra seier «hadet» når dei går, slik at ikkje barnet begynner å leite. Barnet kan gjerne vise misnøye når foreldra går, men lærer etter kvart at når foreldra går, kjem dei tilbake etter ei stund og hentar.
- Godt samarbeid. Ein god relasjon mellom personale og foreldre er avgjerande for at barnet skal kjenne seg trygt og ivareteke. Ved god

kommunikasjon kan ein forstå og møte barnet betre, utifrå det som har vore formidla mellom heim og barnehage.

Alle nye foreldre blir inviterte på infomøte på våren før barnehagestart.

Organisering av kvardagen

Dagsrytma i barnehagen er i grove trekk lik for alle avdelingane for å oppnå mest mogleg heilskap i planlegging og gjennomføring av aktivitetar. Det vil vere variasjonar med omsyn til alder, barnegruppe og aktivitetar.

Frå 6.45 til 7.30 er det berre ei avdeling som er open. Foreldra er då ansvarlege for å levere barna på den avdelinga som det er personale på. Vi samlast og på ei avdeling siste delen av dagen, frå kl. 16.30 til 17.00.

Kjernetida i barnehagen er frå 9.30 til 14.00. Dersom de ønskjer å kome til barnehagen etter 9.30, er det fint om de gir beskjed om dette til personalet, slik at ein kan tilpasse opplegg/aktivitetar utifrå det. Ved henting og bringing er det viktig at de alltid har kontakt med ein vaksen frå barnet si avdeling, slik at ein til ei kvar tid har full kontroll på kven som er komne/henta. Dette er av omsyn til tryggheten til barna.

Månadsplanane er veiledande. Dersom vi ser at det er meir tenleg for barnegruppa og det pedagogiske opplegget, snur vi litt om på dagsrytma, eller gjer aktivitetar spontant.

Når vi deler inn barna i grupper, blir dette gjort på ulikt grunnlag; gruppene kan vere aldershomogene eller aldersdelte, inndelte etter venskap, interesser eller utviklingsnivå. Vi kallar dei aldersdelte gruppene Rødkløverane, Solsikkene og Blåklokkene.



Vi har smørjemåltid i barnehagen. Vi legg vekt på at maten skal vere sunn og variert, og at måltidet skal vere ein god læringssituasjon. Dette måltidet er ca kl.11.30. På ettermiddagen har vi eit fruktmåltid, der barna og får tilbod om skiver eller knekkebrød. Dersom barna skal ete frokost i barnehagen, må dei ha med niste til dette måltidet heimanfrå.

Ein gong i månaden samlar vi opp dei som har hatt bursdag og lagar bursdagsmiddag. Vi legg då og vekt på at maten skal vere sunn og variert, og at barna skal vere deltakande i matlaging og pynting av bord.

Det pedagogiske arbeidet

SOSIAL KOMPETANSE

Dagleglivet i Gjerdane barnehage skal gjennom innhald og arbeidsmåtar vere med å styrkje barna sin sosiale kompetanse. Dette arbeidet vert gjort gjennom arbeid i grupper og individuelt saman med barna. Gjennom førskulealderen er leiken ein veldig viktig del av barnet sitt liv, og dermed ein viktig del av tida her i barnehagen. Gjennom leiken får barna høve til å utvikle dei ferdigheiter ein treng for å utvikle seg som person/menneske/medmenneske. Leiken hjelper barna til å bearbeide det ein har opplevd, samstundes som ein skaffar seg nye erfaringar, - ein kan skape, gjenskape, lære, konstruere og oppdage. I leiken kjem barnet i kontakt med andre barn og vaksne, og får såleis erfare korleis andre menneske reagerer og tenkjer - dei får innsyn i korleis vi fungerer saman. Dette er med på å gje barna sosial kompetanse.

Målsettinga vår for å jobbe med sosial kompetanse:

- Barna skal bli gode på å ta med fleire i leiken. Vi vil ikkje at nokon skal kjenne seg utestengde. Her skal vere plass til alle.
- Barna skal bli gode på å snakke til, og om kvarandre på ein positiv måte.
- Barna skal bli gode på å dele med kvarandre, hjelpe kvarandre og vise omsorg for kvarandre.
- Barna skal bli gode på å høyre på kvarandre. Dette gjeld både i leik og i andre situasjonar der barna vil fortelje noko. Det gjeld også når vi skal ta imot beskjedar.
- Barna skal bli gode på å løyse konflikhtar. Målet må vere at barna brukar språket meir til konfliktløysing enn å løyse konfliktane fysisk.
- Ingen barn skal kjenne seg krenka i barnehagen.

SPRÅK

Eid kommune er no blitt med i Språkkommunesatsinga, i lag med dei andre Nordfjordkommunane. Å vere ein språkkommune inneber at ein skal jobbe for å styrke alle barns språk-, lese- og



skrivendugleikar. I barnehagen skal vi jobbe for å styrke barnehagen sitt språkmiljø. Det blir og sett sterkare fokus på overgangen mellom barnehage og skule, og ha eit heilheitssyn på korleis ein best mogleg kan jobbe med språk, og samanhengen mellom det arbeidet som blir gjort på begge stader.

Denne satsinga går over tre år, og vil innehalde kompetanseheving og utveksling av kunnskap, både innad i barnehagen, men også utanfrå. Vi vil m.a. nytte nettbaserte løysingar for felles kompetanseheving i personalgruppa.

Ei god språkutvikling er viktig for barn både på kort og lang sikt. Evna til å bruke språket er avgjerande for korleis barn kan kommunisere med vaksne og med andre barn, korleis dei kan setje ord på erfaringar, fortelje om noko viktig, diskutere og reflektere saman med andre. Språk er avgjerande for læring, sosiale relasjonar og vennskap.

På lengre sikt er språkutviklinga avgjerande for å kunne vere ein deltakar i eit moderne demokrati og i eit kunnskaps- og utdanningssamfunn.

Språkutviklinga er både munnleg og skriftleg - vi snakkar og lyttar, vi les og skriv. Den grunnleggjande utviklinga skjer i barnehagealderen.

Kvart år vil vi gjennomføre TRAS (Tidleg registrering av språkutvikling) registrering på alle 3-4 åringane for å kartlegge kor langt barna er komne i språkutviklinga, og for å avdekke eventuelle språklege utfordringar.

RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

Frå 01.08.2017 vart det innført ny rammeplan for barnehagen. Om barnehagen si form og innhald, er det sett opp 6 punkt i denne nye planen:

- Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg
- Barnehagen skal vareta barnas behov for leik
- Barnehagen skal fremje danning
- Barnehagen skal fremje læring
- Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap
- Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk



Rammeplanen har definert 7 fagområde som vi skal arbeide med. Fagområda opptre sjeldan isolert. Fleire vil vere representert samtidig i t.d. temaopplegg, i leik og på turar i naturen og nærmiljøet. Når vi jobbar med

matematikk, jobbar vi òg med språk. Når vi jobbar med språk er det kanskje igjennom eit bilete vi målar. Fagområda går hand i hand i barnehagekvardagen. Avdelingane vil lage tilpassa opplegg til kvart fagområde utifrå barnegruppa, alder, utvikling og interessene til barna og foreldra.

Kva seier Rammeplan for barnehagen om dei 7 fagområda?

Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av

kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte

ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim,

regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk.



Kropp, rørsle, mat og helse

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve

rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat- og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.



Kunst, kultur og kreativitet

Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.



Fagområdet tek for seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna.

Natur, miljø og teknologi

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskapelege fenomen, føle tilhøyrslse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.



Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i



teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar.

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdier, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.




Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane. (Rammeplan for barnehagen, 2017)

KVALITETSUTVIKLING - «Beste praksis»

Alle barnehagane i Eid har sidan 2009 delteke på eit utviklingsprogram der ein set fokus på kvalitetsheving på arbeidet i barnehagen. Vi deler inn arbeidet vårt i ulike fokusområder og jobbar i prosessar for å bli betre på kvart enkelt område. Kvar prosess er ei dreining i kvalitetshjulet som de ser på neste side. Vi vel eit felles fokusområde, der vi bestemmer oss for kva del av arbeidet vårt vi vil kvalitetssikre. Neste steg er "beste praksis". Her tek vi arbeidet ut i avdelingane. Vi beskriv korleis situasjonen er no, og set oss mål for korleis vi vil jobbe for å bli betre. Undervegs i prosessen justerer vi arbeidsmåtar og mål, og evaluerer arbeidet vårt fram mot ønska resultat. Kvar prosess vert avslutta med ei avlevering av resultat i samarbeid med dei andre barnehagane, eller innad på huset mellom avdelingane.



Kvalitetsutviklingsarbeidet, kva fokusområder vi har hatt og innhaldet i dei, kan du lese meir om på heimesida vår www.gjerdane.barnehageside.no .

FØRSKULEGRUPPE

Kvart år har dei eldste på Marihøna og Sommarfuglen førskulegruppe. Å ha eiga førskulegruppe er veldig kjekt, og motivasjonen for å lære både tal, bokstavar og andre utfordringar er veldig stor! Vi har m.a. språkleik, oppgåver som har fokus på omgrepslæring, klipping, liming og fargelegging. Dette er og ein viktig arena for det å gå seg saman som gruppe, og å finne sin plass i gruppa. Vi trener på å bli meir sjølvstendige, vente på tur og på korleis vi skal vere mot kvarandre.

Førskulegruppa har og eigne turar. Desse turane er gjerne litt meir utfordrande enn andre turar i barnehagen, noko som gjev stort meistringsglede. Meir konkrete planar for denne gruppa, finn de i den spesielle delen av årsplanen

BARN OG TRAFIKK

Vi ser det som svært viktig at barna lærer seg gode haldningar og ferdigheiter når dei skal ferdast i trafikken. Dette gjeld når barnehagen er på turar, på barna sin veg til og frå barnehagen, og når dei ein dag er så store at dei skal ferdast aleine i trafikken. Når vi er på tur med barnehagen, har vi reglar for korleis vi skal opptre, og lærer om kva vi må passe oss for. I barnehagen har vi eit opplegg frå Trygg trafikk, der beltedyret Tarkus lærer oss om trafikk. Her går det på alt frå å bruke hjelm når vi sykklar, kva vi må tenke på når vi er fotgjengarar, til å bruke bilbelte i bil. Vi håpar de som foreldre og vil vere aktive i arbeidet med å trygge barna i trafikken, og gå føre som gode førebilete for barna. Huska at barna gjer ofte ikkje som vi seier, men som vi gjer. Vil med dette og oppmode alle om å slukke motoren ved henting og bringing, og å rygge inn og køyre ut når ein parkerer. Dette er tips frå Trygg trafikk som hjelper å sikre barna våre i trafikken.



AKTIVITETAR

Her er ei liste over faste arrangement i løpet av barnehageåret:

- Rikskonsert/andre konsertar/teater
- Fotografering (gruppe og portrett) på hausten
- Kafe/basar i tilknyting til FN dagen.
- Lucia feiring -Rødkløverane går Lucia til Hogatunet

- Adventstund i Eid kyrkje for Blåklokkene og Rødkløverane (barn som har fri kan kome i følgje med ein vaksen).
- Nissefest med julegraut. Vi kler på oss nissehue, går rundt juletreet, et julegraut, og kanskje kjem nissen???
- Barnehagen sin bursdag, 24.1, blir feira med foreldrekaffi på ettermiddagen
- Karneval - Vi lagar kostymer som er knytte opp i mot tema vi jobbar med, og brukar desse på karnevalet.
- Vårfest -barnehagetog i Eid sentrum.
- Jonsok feiring. Vi plukkar blomster, kler ut Jonsokbrurepar, går på besøk på sjukeheimen, syng og underheld dei som bur der. På jonsokfeiringa på sjukeheimen, er det Blåklokkene og Gullfiskane som deltek. Feiringa held fram i barnehagen med alle barna.
- Dugnad, dersom behov.
- Sommarfest -dette er eit samarbeid mellom barnehagen og samarbeidsutvalet. Underhaldningsinnslag ved barnehagen. Dei som skal over i skulen får ei lita overrasking. Kos og grilling.
- Avslutningstur for 6 åringane. Dagstur.

Det kjem alltid tilbod om ulike arrangement vi kan vere med på gjennom året. Desse vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Gjerdane barnehage har valt å ikkje la nokon henge opp plakatar eller dele ut noko til barna om aktivitetar som er på fritida. Dette fordi det høyrer privatlivet til og at ein ikkje skal føle seg pressa til å delta. Dette gjeld og utlevering av bursdagsinvitasjonar.